



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

Møteprotokoll

Møte i Ål kyrkjelege fellesråd

Stad: Kyrkjestugu

Dato: 18.04.2023

Tidspunkt: 19.30 – 20.50

Til stades:

Torfinn Slåtto

Arild Øystese Hansen

Einar Brattegard

Sveinung Hansen

Else Karin Veslegard

Birger Bolstad

Wenche Smestad

Varamedlem for:

Forfall: Solveig Vestenfor har meldt forfall, varaordfører Ole Egil Trintrud kunne ikke møte.

Frå administrasjonen møtte:

Kyrkjeverje Trond B. Augunset

Torfinn Slåtto

Leiar

9/23 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste:

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.

10/23 Godkjenning av møteprotokoll møte 08.03.2023:

Møteprotokoll frå fellesrådsmøte 08.03.2023 var godkjent utan merknader.

11 /23 Endring av gravplassvedtekter – slutthandsaming

Saka vert avgjort av:

Fellesrådet vedtek

Statsforvaltaren godkjenner vedtekene.

Saksopplysningar:

Fellesrådet vedtok å legge forslag til endring av gravplassvedtektena ut på høyring i møte 23.11.2023.

Høyringsfristen var 31.01.2023. Det kom inn tre høyringsvar:

Ål kommune: Ingen merknadar

Kjellfred Dekko: Sjå vedlagt e-post

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark: Sjå vedlagt e-post

Kyrkjeverja har hatt Teams-møte med Statsforvaltaren for å få rettleiing og avklare endringar.

Vurdering:

Kyrkjeverja har retta høyringsutkastet i tråd med Statsforvaltaren sine spørsmål og innspel.

Følgande er tatt ut fra høyringsutkastet:

Gravstell: Statsforvaltaren meiner at dette ikkje skal med i føreseggnene då dette er ei teneste som fellesrådet tilbyr.

Symbolsk flytting: Dette er ikkje naudsynt å ha med i føreseggnene då er regulert i gravplassforskriften.

Endring i utforming:

Verneføresegner: Desse er oppdatert i tråd med Statsforvaltaren sine tilbakemeldingar.

Framlegg til vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd vedtek endring av gravplassvedtektena for Ål kommune for framlagt og vedtekene vert sendt til Statsforvaltaren for godkjenning.

Handsaming i Fellesrådet:

Kyrkjeverja orienterte om saka.

Røysting:

Framlegg til vedtak vart samråystes vedtatt

Vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd vedtek endring av gravplassvedtektena for Ål kommune for framlagt og vedtekene vert sendt til Statsforvaltaren for godkjenning.

SAK 12/23 Utleigereglement - drøfting

Saksopplysningar:

Det er i Ål kyrkjelege fellesråd ikkje noko reglement som regulerer utleige av kyrkjer og bygg.

Dette vil hjelpe staben i den daglege drifta og gjer det forutsigbart for leidgetakarar å vite kva dei kan leige og kva det vil koste.

Vurdering:

Det er nokre føresegner som er politiske og som fellesrådet må vurdere kva ein ønskjer. Dette er til dømes; skal koste noko for utabygds vigslar? I Ål er det ikkje mange utabygds som vert vigde.

Kyrkjeverja meiner dette kan være eit positivt insitament både for brurefolk som ønskjer å busette seg i Ål og får få fleire til å gifte seg i kyrkja.

Det er i forslaget lagt opp til å ikkje ta betalt for preludering (speling før ei gravferd). Dette er vanleg ta betalt for i byane og i større fellesråd. Det er ikkje vanleg å ta betalt for dette i Hallingdal. Pris for preludering ligg mellom 700 – 1500 kr.

Det er ikkje tatt inn føresegner for utleige av Borgstugu, då me endå ikkje veit når og til kva for vilkår det vil være knyta til bruken av Borgstugu.

Framlegg til vedtak:

Utleigereglement vert lagt fram til drøfting

Handsaming i Fellesrådet:

Fellesrådet drøfta saken. Kyrkjeverja tek med seg innspel og korrigeringar og endrar utkastet til utleigereglement før saka vert fremma til handsaming.

SAK 13/23 Tilsettingsreglement – endring

Saksoplysningar:

I gjeldande tilsettingsreglement er tilsettingsmyndigheten lagt til fellesrådet. I dei seinast tilsettingssakene har det vore vanskeleg å tilpasse tilsettinga til møta i fellesrådet. Fellesrådet har derfor delegert myndigheta i desse sakene til partsamansatt utval.

Vurdering:

Hovedregelen for tilsetting er gitt i Kirkeordningen § 17 3.ledd:

Kirkelig fellesråd foretar tilsetting av og har arbeidsgiveransvaret for alle tilsatte som lønnes over fellesrådets budsjett

Tilsettingsmyndigheta ligg soleis hos fellesrådet om ikkje anna er bestemt, det vil sei delegert til eit anna utval.

Kyrkjeverja vil fyrst drøfte kva som bør delegerast og so kven det bør delegerast til:

Det er i Kirkeordningen § 40 gitt følgjande føresegn:

Ved tilsetting i kirkelige stillinger som er av betydning for å virkeliggjøre Den norske kirkes formål, skal tilsettingsmyndigheten oppstille krav om medlemskap i Den norske kirke i tråd med adgangen til dette i likestillings- og diskrimineringsloven § 9, jf. § 30.

Dette er eit føresegn som er ny etter innføring av trussamfunnslova. Tidlegare var det eit krav at alle tilsette skulle være medlem i Den norske kyrkja. Myndighet som ikkje kan/bør delegerast:

Tilsetting av leiande stillingar som til dømes kyrkjeverje bør ikkje delegerast. Her er det viktig at fellesrådet har hand om tilsettinga då det og er dei som er arbeidsgjevar for kyrkjeverja.

Ein må og vurdere om tilsettingar som er omfatta av § 40 i Kyrkeordninga og skal skje i fellesrådet.

Dette vil til dømes være tilsetting av diakon, kyrkjelydspedagog, organist mv. Tilsetting av sekretærar, reinhaldarar, kyrkjeteralar vil nok ikkje være omfatta av § 40. Kyrkjeverja meiner at mest mogleg av tilsettingar bør skje på eit lågast mogleg nivå.

Kva for at utval bør ein delegera til?

Kyrkjeverja meiner det er to utval det er mogleg å delegera til:

Partsamansatt utval:

Mandatet til partsamansatt utval er:

Utvalet har eit overordna ansvar i spørsmål av personalpolitisk karakter, og for å setje slike spørsmål på dagsorden. Utvalet skal behandle saker som gjeld forholdet mellom fellesrådet som arbeidsgivar og dei tilsette, med utgangspunkt i Hovedavtalen § 10-1 «Administrasjonsutvalg/partssammensett utval».

Kirkeordningen § 17 sier:

Kirkelig fellesråd kan også tildele utvalg som nevnt i § 41 (partsamansatt utval) første ledd myndighet til å foreta tilsetting og treffe avgjørelser i saker som gjelder forholdet mellom soknene eller soknet som arbeidsgiver og de tilsatte.

Arbeidsutvalet:

Kirkeordningen § 16 sier:

Kirkelig fellesråd kan gi lederen eller et arbeidsutvalg bestående av lederen og minst to av rådets øvrige medlemmer fullmakt til på saklig begrensede områder å treffe avgjørelse i saker som skulle ha vært avgjort av rådet. Avgjørelse som er truffet med hjemmel i slik fullmakt, skal refereres i første møte etter at avgjørelsen er truffet.

Det er høve til å delegere til begge utvala. Fordelen med å delegere til partsamansatt utval er at ein får eit breiare samansatt utval. Fordelen med å legge tilsettingsmyndigheita til arbeidsutvalet er at det er lettare å samle. Kyrkjeverja meiner at partsamansatt utval bør være eit utval som nyttast der det er naudsynt med medverknad frå dei tilsette. Kyrkjeverja meiner at dei tilsette ikkje bør være med å tilsette ein ny kollega, men at dei sjølvsgart må være representert i intervjuutvalet.

Protokoll frå tilsettingsmøte skal leggast fram for fellesrådet i første møte etter tilsettinga.

Framlegg til vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd vedtar å endre tilsettingsreglementet slik at tilsettingar vert gjort av arbeidsutvalet. Tilsetting av kyrkjeverje skal alltid skje av fellesrådet.

Handsaming i Fellesrådet:

Fellesrådet drøfta saka og kom samråystes til at tilsetting skal skje i partsamasatt utval

Røysting:

Vedtak:

Ål kyrkjelege fellesråd vedtar å endre tilsettingsreglementet slik at tilsettingar vert gjort av partsamansatt utval. Tilsetting av kyrkjeverje skal alltid skje av fellesrådet.

Saksopplysningar:

Det er viktig å starte prosessen med budsjett for 2024 så tidleg som mogleg. Fellesrådet får presentert sine rammer frå kommunen i slutten av mai.

Det er no det nye fellesrådet som skal vedta budsjettet for 2024. Sittande fellesråd må gjere prioriteringar

Vurdering:

Kyrkjeverja meiner det er viktig å få fram forskjellen mellom dei kommunale etatane sine rammer og fellesrådet. I kommunen er risikoen for premieavviket frå KLP lagt til rådmannen. Dette vil sei at etatane ikkje har nokon "risiko" når det gjeld auka pensjonsforpliktingar. Fellesrådet tar heile denne risikoen noko me såg i rekneskapet for 2022. Kyrkjeverja meiner derfor at det er naudsynt at rammene til kyrkja er høgare enn til etatane for å unngå at rammene vert strammare enn hos etatane.

Det er også viktig at me har ein plan på vedlikehaldet. Kyrkjeverja ber om at det vert satt ned ei gruppe som skal ha fokus på årleg vedlikehald og som i saman med kyrkjeverja skal lage ei prioritert liste.

Gruppa bør være satt saman av ein frå fellesrådet, ein kyrkjetenar og kyrkjeverja.

Det er naudsynt å styrke budsjettet med midlar til inventar og utstyr. Det må gjerast ei oppgradering av stolar på matrommet. Desse er så slitt at stoppen stikk ut av trekket. Det er vidare naudsynt med hev/senk pultar på alle kontor og nye kontorstolar. Kyrkjeverja vil vurdere kjøp ifrå til dømes "Movement" som er eit berekraftig alternativ som sel nesten nye møbler til halv pris.

[Kontormøbler og utstyr \(movement.as\)](#)

Framlegg til vedtak:

Vert lagt fram til drøfting

Handsaming i fellesrådet:

Fellesrådet diskuterte saka. Bygningsgruppa består av kyrkjetenar Tom Vidar Myrestølen, Frå Fellesrådet Arild Øystese Hansen og Kyrkjeverje Trond Augunset.

Orienteringar:

- **Namna minnelund**
- **Påmelding/betalingsløysning for ma. Konfirmantar.**
- **Innføring av lokalt skrivebord. Overgang skjer i løpet av veke 21**
- **Innføring av OCR/KID på fakturaer: Løysning er tinga og vert innført før sommaren.**
- **Status stavkyrkjetomta, prestegarden og Borgstugu: Desse er no slått i saman til eit gards- og bruksnummer. Eigendommen vert overført til dNk Eigedom AS. Det skal gjerast ein tilstandsvurdering før eigendomen vert overført frå OVF og til Dnk Eigedom AS.**
- **Status branntilsyn: Sprinklerventil på Torpo er montert og satt i drift, Skilting av rømmingsvegar er gjennomført. Berekning av maksimalt personal i Ål er gjennomført. Leveld og Torpo kjem snart. Branninstruks for Vats Fjellkyrkje vert hengd opp innan kort tid.**
- **Medarbeidarsamtalar. Det er gjennomført for alle unntatt to stk. Disse vert gjennomført i løpet av april.**
- **Vernerunde: Gjennomføres onsdag 19.april.**
- **Tidsregistreringssystemet TID: Innført og tatt i bruk.**